

# AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

## ÅRSRAPPORT 2013



## Årsrapport 2013

Aufera as  
Mangersnesvegen 72  
5936 Manger


Telefon: 55602472  
Telefax: 55602473  
E-post: [post@aufera.no](mailto:post@aufera.no)  
<http://www.aufera.no>

Aufera as er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy. Verksemda er lokalisert i alle tre eigarkommunane. Selskapet vart skipa i 2005. Aufera hadde tilsegn på 15 VTA-plassar og 5 APS-plassar i 2013. Verksemda har ein rein kommunal plass, tre elevar med særskilte behov frå vidaregåande skular har hatt arbeidsutprøving og tre personar har hatt språkpraksisplass i verksemda.



Ivrige lefsebakarar på messa

## ORGANISASJONSKART



### Føremål:

Verksemda sitt føremål er å tilrettelegga arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å gje meiningsfylt arbeid utifrå den einkilde sine føresetnader.

Arbeidet skal vera med å vedlikehalda og utvikla den enkelte sine ressursar og kompetanse. VTA-plassane er ikkje tidsavgrensa, medan APS-plassane er tidsavgrensa.

### Visjon:

"Me skal utvikla oss vidare gjennom ein meiningsfull kvardag med tilpassa arbeidsoppgåver og auka meistringskjensla."



To glade representantar

### Verdiar:

#### **Trivsel:**

Me ynskjer å ha det kjekt saman på arbeid og kunna gleda oss til å gå på jobb.

Me viser respekt for kvarandre og aksepterer at me er forskjellig.

Me har og respekt for arbeidsplassen, utstyret vårt og kundane våre.

Me er positive til kvarandre og nye utfordringar. Frå at me seier god morgon og "ser kvarandre", til at me er positiv i kontakt med kundar og samarbeidspartar.

#### **Kvalitet i alt me gjer:**

Me skal levera rett produkt og teneste til rett stad og til rett tid. Kvaliteten skal gjenspeglast i alle arbeidsprosessane.

#### **Mot:**

Me skal ha mot til å møte nye utfordringar og prøva nye ting.

Me tør å by på oss sjølve, tør å stå for noko, og ta eit val. Me har mot til å vera medmenneske og inkludera andre.

### Aksjekapital:

Verksemda har ein aksjekapital på kr. 300 000,- fordelt på eigarkommunane etter innbyggjartal.

Austrheim kommune	37 % av aksjane
Fedje kommune	16 % av aksjane
Radøy kommune	47 % av aksjane

Kvar eigarkommune vel to representantar med vara til generalforsamlinga. Desse fylgjer kommunestyreperioden. Generalforsamlinga vart halden på Manger 24.04.2013.



Full konsentrasjon på kjøkkenet

### Medlemmer til generalforsamlinga i perioden 2011 – 2015:

Austrheim	Helge Dyrkolbotn	vara: Reidar Øksnes
Austrheim	Merete Tresvik	” Joakim Kjenes
Fedje	Roy Asle Tunglund	” Kristin Handeland
Fedje	Hilde Koppen	” Paul Gullaksen
Radøy	Morgan Taule	” Birte Haugland Frotaule
Radøy	Silje Namtvedt	” Bjarte Morken
		” Karolina Vakt skjold
		” Odd Matre

### Tilsette, tiltaksplassar og andre:

I 2013 var det 4 arb.leiarstillingar, 1 sjåfør/assistent, ein person i 60 % stilling knytt opp mot ein person, 1 person på ordinære vilkår i hovudsak knytt opp mot vaskeriet, attføringsansvarleg og dagleg leiar.

Aufera har dei siste åra hatt svært stort sjukefråvær av dei ordinært tilsette. I 2013 var fråværsprosenten på 13,5 samla for alle i verksemda. Ser ein berre på ordinært tilsette, er prosentten på 11,7, ein liten nedgang frå tidlegare. Etter det ein har hatt kjennskap til er fråværet blant ordinært tilsette ikkje arbeidsrelatert. Etter fleire år med svært høgt fråvær valde ein å bruka ein del ressursar på å få kartlagt situasjonen av eksterne folk. Aufera har avtale med HMS Gruppen om



bedriftshelsetenesta, og dei gjorde ei større undersøking. Det kom ikkje fram at det var tilhøve i verksemda som var årsak til det store fråværet.

Aufera hadde tilsegn på 15 VTA-plassar og 5 APS-plassar i 2013. Aufera har avtale med Hordaland fylkeskommune om arbeidsutprøving for elevar, og hadde i 2013 3 ulike elevar frå vidaregåande skular. To første halvår, og to andre halvår. Aufera har avtale med ein av eigarkommunane om kjøp av kommunal plass for ein person. Tre personar har hatt språkpraksisplass.

Det har i 2013 vore 17 personar inne på dei 5 APS-plassane og 18 personar på dei 15 VTA-plassane. Ved årsskifte var det 5 personar som hadde tilbod om APS-plass og 17 på VTA-plass. Aufera har framleis hatt vanskar med å fylla opp VTA-plassane. I periodar av 2013 fekk me mindre i tilskot frå NAV enn tilsegn grunna ledig kapasitet. Trass gode dialogar med lokale NAV og eigarane våre, slit me med å fylla opp plassane. Årsaka til dette er vanskeleg å sjå, då andre verksemdar rundt oss har ventelister for VTA-plass.



Frisk luft og litt vind gjer godt

Her kan ein drøyma seg vekk

Styret: fram til Generalforsamlinga 24.04.14.

Leiar       Olav Mongstad, Austrheim  
Nestleiar   Grete Herøy, Fedje  
Styrem.     Terje Utkilen, Austrheim  
Styrem.     John Bauge, Radøy

Styrem. Nina Kvamme, Radøy  
Vara: Magnus Kvingedal, Austrheim  
" Ragnhild Langøy, Austrheim  
" Elisabeth Matre, Fedje  
" Vidar Bråten, Fedje  
" Helge Vallestad, Radøy  
" Kirsti Gjetle Floen, Radøy

Styret: etter Generalforsamlinga 24.04.14.

Leiar John Bauge, Radøy  
Nestleiar Grete Herøy, Fedje  
Styrem. Olav Mongstad, Austrheim  
Styrem. Johan Sandal, Radøy  
Styrem. Solveig Lerøy, Austrheim  
Vara Terje Utkilen, Austrheim  
" Magnus Kvingedal, Austrheim  
Vara Vidar Bråten, Fedje  
" Nina Kvamme, Radøy  
" Kirsti Floen, Radøy

Styret har hatt 6 møter og handsama 57 saker.

Valnemd er dei tre rådmenn i eigarkommunane: Jan Olav Osen (Austrheim), Vidar Bråten (Fedje) og Jarle Landås (Radøy).

Rådgjevande utval:

Austrheim Kristine Fanebust(fagleiar i psykisk helse Austrheim kommune)  
Fedje Elisabeth Matre (psykiatrikoordinator og helsesøster)  
Radøy Karolina Vaktsjold fram til 15.05.13. (leiar for Barne og familietenesta og leiar for psykiatriteneste)  
Bjarnhild Nordanger Myhre frå 15.05.13. (psykiatritenesta Radøy, tidlegare aktivitetssenteret på Radøy)

NAV Tiltak      Linda Revheim rådgjevar/Tiltaksavdelinga

Attføringsansvarleg i Aufera, Dagfinn Isaksen  
møter i tillegg til dagleg leiar Aufera, Kari Smith.

Rådgjevande utval har hatt 4 møter og handsama 25 saker.

### Avdelingane:

#### **Austrheim:**

Tilsette:      Avdelinga har ein arbeidsleiar som har basen sin der 4 dagar for veka. 3 VTA plassar.

Produkt:      Avdelinga driv kantina på rådhuset på Austrheim. Det vert og produsert "møtemat" og bakverk som vert selt /levert til både private og kommunale.

Ein av arbeidstakarane har eit fast oppdrag for biblioteket på Austrheim. Ein annan har oppdrag hjå EES Support AS ein dag for veka. Plassmangel er truleg årsak til at det er vanskeleg å auka tal på arbeidstakar slik konseptet skal vera (1:5).

#### **Fedje:**

Tilsette:      Avdelinga har arbeidsleiar ein dag for veka(same person som er på Austrheim). Det er 2 VTA-personar med. Eine av desse er ein av dei 3 VTA på Austrheim.

Produkt:      Avdelinga driv kantina for tilsette i kommunen. Også her vert det produsert "møtemat" og bakverk til både kommunale og private.



Konsentrert i arbeidet



## Radøy:

Tilsette: Avdelinga har tre arbeidsleiarar i 100 % stilling og ein arbeidsleiar i 60 % stilling. Utover det er sjåføren, ein ordinært tilsett, attføringsansvarleg og dagleg leiar lokalisert til Radøyavdelinga.

Ved årsskifte:

13 VTA-plassar

5 APS-plassar

2 elevar frå vidaregåande har hatt tilbod om arbeidsutprøving

1 person har ein rein kommunal plass

2 språkarbeidsplass

Produkt: Vaskeriet er den avdelinga som krev størst personalressurs grunna m.a. institusjonsvasken me har. Mange relativt store kundar gjer at drifta på vaskeriet må gå kontinuerleg. Vaskeriet har ein stabil og stor kundekrets på om lag 80 faste kundar. Også mange privatkundar nyttar oss.

Kjøkkendrifta på Radøy har etter kvart markert seg som ein kjend "lefseprodusent" og knekkebrødleverandør i tillegg til ulike bakverk. Nytt av 2013 er eit samarbeidsprodukt mellom Aufera og fleire lokale produsentar av mat – ei gåvekorg laga på treavdelinga med duk sydd på "reperasjonsdelen" på vaskeriet og klargjort av kjøkkenet med ein del produkt laga av vårt kjøkken pluss matvarer frå andre lokalprodusentar.



Gåvekorg

No kan kundane koma



Klar med knekkebrød og kassar



Klar med smaksprøvar

Treavdelinga/Vaktmeistergruppa har markert seg meir og meir og med det fått fleire oppdrag. Ein del ryddeprosjekt, rydding i

hagar, produksjon av ulike treprodukt som t.d. notkassar, leikehestar, blomsterkassar, leveggar og hagemøblar. Transporttenesta har eit samarbeid mellom biblioteka i Nordhordland og dei store biblioteka i Bergen. Elles er det transport av datautstyr mellom kommunane og IKT Nordhordland og transport av tøy til og frå vaskeriet.



Aufera har tre bilar ein nyttar, ein Citroen Jumpi, ein Iveco Daily og ein Volkswagen Transporter.

#### Opplæring/kompetanseheving:



Frå urtekurset

Aufera har eit godt samarbeid med Opro, Einekavane, Knarvik Industri og Miljø og MAKS om kurs for ordinært tilsette. I 2013 fekk ein berre gjennomført ein kurskveld, men 8 personar frå Aufera var med på kurs med tema: "Møte med mennesker i kriser og sorg" med John Grimsby.

Utover det har me tatt del i kurs som:

2 personar	om motivasjon, grensesetting og kommunikasjon
2 personar	nye maskiner og utvikling innan vaskeri

2 personar      Basiskurs i attføring  
6 personar      Urtekurs

Ein person representerte Aufera på landsmøtet i ASVL i Trondheim.

Det har vore drive individuell språkundervisning for fleire personar på Aufera.

Det vert drive opplæring/kompetanseheving etter k-planer (kvalifiseringsplaner) for kvar einskild arbeidstakar. Dette føregår for det meste ved samtaler, rettleiing og reglement.

I haust vart me resertifisert i kvalitetssikringssystemet Equass. Mykje arbeid og stor ressursbruk ligg bak det. No har me sertifikat på at me kan ha VTA-plassar, APS-plassar, kommunale plassar, elevar frå vidaregåande skular og språkpraksisplassar fram til desember 2015.



Flatbrød i press

### Lean:

Frå innføringa av LEAN 10.03.2011. har det kome mange forbettringsforslag. Dei fleste av desse er gjennomført, og i 2013 kom det 75 forslag.

### Samarbeid:

Verksemda meiner å ha eit godt samarbeid til alle aktuelle samarbeidspartar. Til kvar tilsett, deira hjelpeapparat der det er aktuelt, i aktuelle ansvarsgrupper, styret, eigarane, NAV kontora, RU, kundar m.m. Det vart og i 2013 gjennomført brukarundersøking. Resultatet av denne ligg på heimesida vår.

### Resultat:

Aufera har no bak seg åtta år med opp og nedturar. Økonomisk har det vorte vanskelegare og vanskelegare å driva. I 2012 vart det gjort endringar i betalingsordninga frå NAV til betaling etterskotsvis. Etter den tid har me hatt vanskar med å koma oss i balanse att. For å klara oss har me framleis ein relativt stor kassakreditt. Aufera søkte eigarane om auke i medfinansieringa. Det var i den samanheng gjort vedtak om å gje eit tilskot

dersom drifta gjekk i minus. På slutten av året måtte me gå til eigarane å be om ekstra økonomisk hjelp. Me meiner me driv svært nøkternt, men har nok aktivitet/drift, som kostar for mykje utifrå kriterium for vår type verksemd.

Plassmangel er ei større og større ei utfordring. Treavdelinga har ingen lagerplass, kjøkkenet på Radøy har lite å gå på når det 7-8 personar skal gjera ein jobb på få kvadratmeter. Vaskeriet kunne på fleire områder trengt meir plass og kantinekjøkkenet på Austrheim set sine klare avgrensingar. I haust hadde Aufera ei strategisamling der styret og ordinært tilsette saman såg på moglegheiter og utfordringar. Plassmangel er nok utan tvil største utfordringa for tida.

Ei anna utfordring har vore vanskar med å få nok straum til bygget. Det skulle vore investert i større både tørketrommel og komfyr for å imøtekoma etterspørsel. Så langt må det venta grunna manglane straum.

Den årlege turen vår gjekk til visningscenteret i Marøy. Der fekk me først ein ferjetur ut på sjølve anlegget. Då me kom inn att stod ferdig grilla mat klar. Etter maten fekk me eit lærerik, historisk, innhaldsrik og humoristisk føredrag.

Vår målsetjing om mange fellesturar etter arbeid kom me ikkje heilt i mål med. Litt vart det. Me hadde ein flott tur til Hoplandskvernene.



Kaldt , men veldig kjekt.

Fysisk aktivitet er eit satsingsområde, og mange verksemdar har noko å læra av vår daglege tilbod om trim i arbeidstida.

Kvar dag 11.15 held tilbodet om trim for alle som ynskjer det . På Verdas aktivitets dag var me på rådhuset i Austrheim for å visa dei tilsette der korleis me gjer det. Om dei har tatt lærdom, veit me ikkje.





Frå demonstrasjonen på Austrheim

Nytt i 2013 var eit samarbeid med alle vekstverksemdene i Nordhordland, om felles aktivitets dag i Nordhordlandshallen. Om lag 200 menneske var samla til ulike aktivitetar. Målet er at dette skal verta ei årleg hending.



Ivrigte tilskodarar til ein av kampane

Ei anna hending i 2013 var "Nytte og hygge", eit prosjekt som Lindås bibliotek stod bak. Dei hadde fått prosjektmidlar til forfattarbesøk og besøk av bokbussen på ein del arbeidsplassar. Aufera hadde gleda av slikt besøk to gangar. Etter det fekk me og invitasjon til besøk på Radøy folkeboksamling og hadde ein lærerik formiddag der.



Kø framfor Bokbussen



Frå besøk på Radøy folkeboksamling

Julebordet var som alltid ei kjekk samling med sjølv laga god mat, godt selskap og god underhaldning. Denne gang hadde me det i kantina i Rådhuset på Austrheim.



Frå julebordet

Auferas sitt føremål er å tilrettelegga arbeidsplassar for alle personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å måla oppnåing av dette er ikkje lett. I samband med Equass (kvalitetssikringssystem) er det eit krav at me har ei vurdering på mål oppnåing. Ei slik vurdering vil verta mykje synsing. Me meiner sjølv me er svært kritisk i vurderinga. Resultatet: 92,7 % mål oppnåing på APS-plassane og 93,8 % på VTA-plassane, kommunale plassar 95%, elevar 90% og 95% på språkpraksis. Dette er vurdert utifrå innsøkinga frå NAV på kvar einskild. Me har vurdert mykje strengare enn i 2012, dette for å ha tydlege mål å strekkja oss etter.

Alt i alt meiner me å ha ein god arbeidsplass med fokus på det som er viktig i vår type verksemd. Me opplever at dei som har arbeidet sitt i Aufera trivst, er stolt av arbeidsplassen og at me har eit godt omdømme. Trivsel, mot og kvalitet er som kjend verdiane våre. Om nokon klagar på kvalitet tek me dette på alvor. Me har mot til det. Me meiner og me har mot til å ta godt i mot og godt vare på kvarandre.

For å kunna avvikla ferien i 2013 tok me inn litt ekstra folk. Då oppdaga me at det faktisk var 10 ulike nasjonar som var knytt til Aufera. Det ser me på som ein stor styrke og er stolt av det.

Me som arbeider i Aufera har tru på det me driv med. Me har tru på at arbeid er eit gode og gjer ein stor skilnad i livet til folk. Det å ha ein plass ein høyrer heime, ha gode arbeidskameratar, få visa kva ein kan og at ein kan noko, høyra til i eit sosialt fellesskap, få læra nye ting, halda ved like det ein har lært, få nye vener, oppleve at det er bruk for ein, at om eg ikkje møter så må andre gjera jobben for meg, få ros og tilbakemeldingar på det ein gjer og mykje, mykje meir.

Manger, 04.2.2014.

Kari Smith

Dagleig leiar